

Regionalavdelinga

FORVALTNINGSREFORMA: NYE OPPGÅVER TIL
FYLKESKOMMUNEN INNAN REGIONAL UTVIKLING



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Ny Regionalavdeling

Forvaltningsreformen frå 1.1.2010 har gitt fylkeskommunen fleire nye oppgåver innan regional utvikling. Hovuddelen av desse er lagt til ny Regionalavdeling. Denne avdelinga vidarefører også dei oppgåvene som låg til den tidlegare Strategi- og næringsavdelinga.

Vidare er fire arbeidslag avvikla og oppgåvene overført til Regionalavdelinga. Dette gjeld arbeidslaga for Reiseliv, Verdiskaping i kystsona, Internasjonalt arbeid og Analyse, utgreiing og dokumentasjon

Seksjonar


Regionalavdelinga har om lag 55 medarbeidarar og er organisert i fem seksjonar:

- Klima- og naturressursseksjon – seksjonsleiar Gudrun Mathisen
- Utviklingsseksjon – seksjonsleiar Matti Torgersen
- Planseksjon – seksjonsleiar Marit Rødseth
- Næringsseksjon – seksjonsleiar Mette Nora Sætre
- Internasjonal seksjon (inkl. tidlegare Europakontoret) – seksjonsleiar Paul J. Manger

Stabseiningar

- Analyse, utgreiing og dokumentasjon – leiar Kathrin Jakobsen
- Administrasjon, økonomi, organisasjon – leiar Jon Rune Smørðal

Regionaldirektør: Jan Per Styve



Klima- og naturressursseksjonen

Seksjonen har eit breitt arbeidsfelt med oppgåver og ansvar innanfor miljø, klima, energi, akvakultur, vassforvaltning og forvaltning av haustbare ikkje trua artar av vilt og innlandsfisk. Seksjonen har ein del forvaltingsoppgåver i stor grad styrt av lovverk og forskrifter, men også viktige utviklingsoppgåver forankra i regionalt planarbeid og fylkespolitiske vedtak.

Vassforvaltning

Hordaland fylkeskommune er vassregionmynde og leiar Vassregionutvalet med deltaking frå Fylkesmannen, sektorstyremakter og kommunane. Vassregion Hordaland vert inndelt i vassområde med eigne utval. Forvaltingsplan for vatn og tiltaksprogram skal utarbeidast i medhald av Vassforskrifta og Plan- og bygningslova. Forvaltingsplanen skal vere ferdig i 2015, jamfør EU sitt vassdirektiv. Fylkeskommunen skal utarbeide planprogram, vedta miljømål, handsame og sjå til at tiltaksprogram vert iverksett, rettleie lokale vassområdeutval og kommunar, informere, rapportere og drifte www.vannportalen.no.

Akvakultur og marin forvaltning

I medhald av tildelingsforskriftene i akvakulturlova er Hordaland fylkeskommune styresmakt for tildeling av akvakulturløyve. Dette gjeld lokalitetsklarering for alle artar både i sjø og på land. Søknadshandsaminga vert utført i tett samarbeid med sektorstyresmaktene og kommunane. Etter havressurslova tildeler fylkeskommunen undervisningskvotar i fiske og gjer løyve til å felle kystsel. I kommunalt planarbeid ivaretar fylkeskommunen regionale og nasjonale havbruksinteresser.

Skjelsandforvaltning i medhald av kontinentalsokkellova

Handsame søknader om løyve til uttak av skjelsand, innhente fråsegner frå sektorstyresmakter og kommunar. Fylkesutvalet gjer vedtak.

Forvaltning av haustbare, ikkje-trua artar av vilt og innlandsfisk

Etter viltlova er fylkeskommunen eitt av viltorgana, og skal arbeide for å fremje formålet med viltlova. Rådgjeving og informasjon til kommunar og rettshavarar, juridisk hjelp, møte om vald og jaktorganisering. Kan etter søknad frå kommunane utvide jakttida på hjort. Fordele statstilskot til viltformål.

Ansvar for å forvalte dei haustbare ikkje trua artane av innlandsfisk, og

ivareta leveområda. Gje løyve til utsetjing for kultiveringsformål. Levere miljødata til vassmiljøsystemet.

Energi

I Hordaland er energi er eit viktig regionalpolitisk område med ein rekkje utbyggingssaker. Fylkesutvalet er delegert konsesjonsmynde for vasskraftverk under 1MW etter vassressurslova, og er sentral høyringspart i andre energisaker der seksjonen førebur fråsegn for politiske vedtak. I dei seinare åra har hovudvekta vore innan små vasskraftverk der et ligg føre ein eigen regional plan for Hordaland, men også kraftliner, fjernvarme, vindkraft og bruk av naturgass står jamleg på dagsordenen. Energi står og sentralt innan klimaarbeidet med fokus på fornybare energikjelder (vind, vatn, bio m.m), effektiv energibruk og meir bruk av vassboren varme.

Klima

Klimaplan for Hordaland 2010-2020 er ein regional plan og gir føringar for andre avdelingar og seksjonar. Hovudtema er energi, forbruk og avfall, bygningar, arealbruk og transport, næringsliv og teknologi, samt samarbeid og verkemiddel for å få til naudsynte endringar. Seksjonen har eit koordinerande ansvar for oppfølging av planen, iverksetting av tiltak og rapportering. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg. Seksjonen har ansvar for å drive Klimanettverk Hordaland i samarbeid med kommunane og andre, rådgjeving og rettleiing.

Miljø

Seksjonen har arbeid med utvalte miljøraker, og administrerar utdeling av fylkeskommunal miljøpris og tilskot til miljøtiltak.

Miljøsertifisering

Seksjonen driv arbeidet med miljøsertifisering av Hordaland fylkeskommune sine einingar. I tillegg generell motivering til kommunalt miljøsertifiseringsarbeid i heile fylket.

Seksjonsleiar: Klima- og naturressurssjef Gudrun Mathisen



Utviklingsseksjonen

Utviklingsseksjonen har eit særleg ansvar for tverrsektorielle utviklingsoppgåver. Seksjonen skal i samarbeid med andre seksjonar og avdelingar bidra til å utvikle den regionale utviklingsrolla til fylkeskommunen og samordne regionalt utviklingsarbeid i fylket. Utviklingsseksjonen skal vere oppdatert om utviklingstrekk og trendar innan regional utvikling både regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Regional planstrategi

Regional planstrategi skal prioritere og gi føringar for kva regionale planoppgåver som det skal arbeidast med. Strategien skal vise dei viktigaste utviklingstrekk i fylket, vurdere utviklingspotensial og utfordringar og fastsette mål for den regionale utviklinga. Arbeidet med første regional planstrategi pågår.

Folkehelse

Fylkeskommunen har gjennom ny lov om folkehelse fått nye oppgåver. Hovudoppgåva etter lova er:

- Fremje folkehelse innan fylkeskommunale oppgåver.
- Ansvar for å vere ein pådrivar og samordnar for partnerskapsarbeid i fylket. Særleg er det viktig å understøtte kommunane sitt folkehelsearbeid. Dette arbeidet skjer i partnerskap mellom Fylkeskommunen, Fylkesmannen, kommunar, forskings- og utviklingsmiljø, friviljuge og andre organisasjonar
- Ha oversyn over befolkningas helsetilstand, og faktorar som kan virke inn på denne.

Regionale forskingsfond

Det regionale forskingsfondet på Vestlandet skal initiere forskning som bygger opp under regionale målsettingar. Fondet omfattar fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Det er vedtatt fire prioriterte tema: Energi/maritim sektor - Mat/marin sektor - Bærekraftig reiseliv - Offentlege utviklingsoppgåver på Vestlandet. Utviklingsseksjonen har sekretariatsansvaret for fondet.

VRI-programmet

VRI (Virkemiddel for FOU og regional innovasjon) er eit program i samarbeid med Norges Forskingsråd for å utvikle samarbeid mellom kunnskapsmiljø og næringslivet med sikte på nyskaping og kunnskapsutvikling.

Vestlandssamarbeidet

Vestlandsrådet er eit politisk samarbeid mellom dei fire fylkeskommunane på Vestlandet: Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Utviklingsseksjonen representerer Hordaland fylkeskommune i sekretariatet for rådet.

Konsesjonskraftmidlar til regionale utviklingstiltak

Tilskotsordninga skal støtte opp under større "fyrtårnsprosjekt" der ein kan skapa noko unikt for heile eller delar av fylket, eller til prosjekt som medverkar til å skapa attraktive og konkurransedyktige regionar. Midlane skal primært gå til investeringar. Det er avsett 15 mill kr. årleg.

Seksjonsleiar: Utviklingssjef Matti Torgersen



Planseksjonen

Overordna ansvar for regional planlegging

Seksjonen har overordna ansvar for regional planlegging i fylkeskommunen. Seksjonen skal fremja regional planlegging som verkemiddel for utvikling og oppdatera oversikt over og gje informasjon om regionale planar. Seksjonen skal gje planfagleg rådgjeving og ta initiativ til relevant kompetanseutvikling. Vidare skal seksjonen formidle behov for nye regionale planar som kjem fram gjennom samhandling i kommuneplanlegginga, i kontakt med regionale sektororgan og nasjonale institusjonar, samt gjennom eigne analysar og overvaking. Planseksjonen deltar i arbeidet med utarbeiding av regional planstrategi.

Arealretta regionale planar

Planseksjonen har ansvar for arbeidet med regionale planar som er arealretta og i hovudsak sektorovergripande. Sentrale plantema er utbyggingsmønster og arealbehov til ulike føremål, samordna areal- og transportplanlegging, planar for senterstruktur, service og handel, regionale planar for villreinområda og fjellsona, kystsoneplanar og arealplanar som omfattar landskapsverdiar. Seksjonen skal ha oversyn over relevante arealretta plandata og formidlar behov for nye data for kartlegging og analysar. Seksjonen deltek i samarbeidsorgan med Statens kartverk regionalt for å fremje produksjon og formidling av kartdata for planlegging. Seksjonen kan ta initiativ til analysar og utgreiningar som grunnlag for å vurdere eksisterande arealretta planar eller ta initiativ til å setja i gong nytt planarbeid. For andre regionale planar som i mindre grad er arealretta, vil seksjonen vera medansvarleg i høve til utforming av relevant innhald.

Kommunale planar

Seksjonen ivaretek eit vidt spekter av interesser i sektorovergripande kommunale plansaker (kommuneplanar, reguleringsplanar og dispensasjonar) og koordinerer fylkeskommunen sine innspel. Seksjonen er kontaktledd til Kultur- og ressursutvalet i plansaker og arrangerer synfaringar og møter i kommunane. Det blir gitt ut statistikk og analysar av plansituasjonen i fylket. Seksjonen deltek i nasjonale og regionale fagnettverk for ulike tema som regional plan, kommunal plan, helse, klima, barn- og unge og sykkeltransport. Seksjonen forvaltar midlar til partnerskap i kommunal planlegging som kan gå til analysar, prosessar og planar i tilknytning til kommunale planar og prosessar. Planseksjonen har også ansvar for friluftlivsinteresser i plan

Regionalt planforum

Seksjonen leiar og er sekretariat for Regionalt planforum. Her blir kommunale og regionale planar lagt fram for drøfting med regionale organ. Planforum skal bidra til samordning og større måloppnåing i planlegginga.

Plankompetanse for kommunane

Seksjonen har ansvar for rettleiing og kompetanseformidling i planlegging. Seksjonen arrangerer fagsamlingar og seminar om utvalde plantema i samarbeid med interne og eksterne partar, utarbeider rettleiingsmateriell for ulike tema og formidlar via internett. Det blir arbeidd med å få i gang kompetansegejevande kurs ved universitet og høgskular. Det er etablert nettverk for å sikre god kontakt med forskings- og utdanningsmiljø. Seksjonen tek initiativ til og driv utviklingsprosjekt som er relevant for regional- og kommunal planlegging. For tida er det i gang eit prosjekt om Landskap i kommunal planlegging og det blir førebudd eit arbeid om kommunal planlegging og næringsinteresser.

Tettstadutvikling

Seksjonen har ansvar for rettleiing av kommunar i tettstadutvikling og formidlar tilskot til stadanalysar og tettstadprosjekt i kommunane. Byggeskikk og estetikk er også eit ansvarsområde for seksjonen.

Seksjonsleiar: plansjef Marit Rødseth



Næringsseksjonen

Overordna ansvar for regional næringsutvikling

Hordaland fylkeskommune skal legge til rette for ei god regional næringsutvikling, som sikrar sysselsetting og verdiskaping i alle delar av fylket. Næringsseksjonen har ansvar for regional næringsutvikling og nyskaping i Hordaland og forvaltar næringsretta midlar etter det årlege utforma styringsdokumentet Regionalt utviklingsprogram (RUP). All næringsretta innsats og oppgåver er lagt til næringsseksjonen.

Landbruk – ny oppgåve for næringsseksjonen

Forvaltningsreforma har gjeve fylkeskommunen nye arbeidsoppgåver innan landbruk knytt til styrking av rekruttering, kompetanseheving, likestilling og etter- og vidareutdanning for næringsutøvarar i landbruket.

Overordna styringsdokument

Regionalt utviklingsprogram (RUP) er overordna styringsdokument for arbeidet med næringsutvikling i Hordaland. Programmet vert årleg utforma og samordna av Regionalt Næringsforum. Regionalt utviklingsprogram syner innsatsområda som vert prioriterte i bruken av verkemiddel og arbeidsinnsats.

Prioriterte næringar

Næringar med særlige føremoner er energi, marin, maritim, reiseliv og kulturnæringar er prioriterte næringar. Midlar vert særlig nytta til å stimulere til auka nyskaping og leggje til rette for auka verdiskaping.

Prioriterte satsingar

Næringsseksjonen har ansvaret for dei prioriterte satsingane innan næringsretta kompetanse, entreprenørskap og innovasjon, internasjonalisering og livskraftige lokalsamfunn. Det er særlig vektlagt at satsinga på livskraftige lokalsamfunn skal medverke til betre høve for bulyst og næringsutvikling i fylket.

Kom-an.no – vegvisar for nyskaping i Hordaland

Kom-an.no er ei samordna felles satsing med fokus på tilrettelegging for entreprenørskap og nyskaping i Hordaland. Her finns oversyn på nettverk, kontaktpersonar, finansierings- og verkemiddelordningar,

innan næringsutvikling, oppstartsstøtte, kompetanseheving, lokal samfunnsutvikling, entreprenørskap og samfunnsentreprenørskap i fylket. www.kom-an.no

Kommuneprosjektet

Kommuneprosjektet skal styrke kommunen som lokal næringsutviklar ved å heve kompetansen innan entreprenørskap, mobilisering og å skape nettverk gjennom ulike samlingar. Eit heilt sentralt tiltak er å tilby kompetansehevande tiltak for kommunen sin førstelinjeteneste.

LivOGLyst – program for lokal samfunnsutvikling

Føremål med programmet er å stimulere lokal utviklingskraft på ein systematisk og langsiktig måte. Lokalsamfunnsutvikling er tufta på ei nær samanheng mellom entreprenørskap og mobilisering for trivsel og bulyst. Lokale tiltak skal på ulike måtar kunne inkludera ungdom, kvinner og migrantar og vera tufta på samarbeid mellom anna med kommunen.

Seksjonsleiar: Næringsssjef Mette Nora Sætre



Internasjonal seksjon

(Inkl. tidlegare Europakontoret)

Internasjonal seksjon skal vere ein pådrivar og støttespelar for auka satsing på internasjonalt arbeid innanfor fylkeskommunen sine prioriterte innsatsområde.

Arbeidet skal byggje på fylkeskommunen sin internasjonale strategi med fire prioriterte tema:

- Ungdom
- Kunnskapsbasert innovasjon
- Klima, energi og miljø
- Sjøretta aktivitetar

Kompetanse

Seksjonen vil vidareføre prioriterte satsingar ved det tidlegare Europakontoret og Internasjonalt arbeidslag som m.a. inneber høg kompetanse på EU/EØS-program og andre relevante støtteordningar, prosjektutvikling og nettverksbygging.

Arbeidsområde - målgrupper

Stimulere og støtte fagavdelingane til internasjonalt arbeid, både når det gjeld deltaking i EU/EØS-program, samhandling med våre samarbeidsregionar og deltaking i andre tematiske internasjonale aktivitetar

Koordinere deltaking i internasjonale organisasjonar

Stimulere og støtte kommunane til auka internasjonal aktivitet

Utifrå prioritering og kapasitet yte tenester til andre aktørar i Hordaland

Spesialoppgåver

- Fylkeskontakt for Vest-Norges Brusselkontor
- Nasjonalt kontaktpunkt for Interreg IVB Nordsjøprogrammet
- Regionalt kontaktpunkt for EU-programma Leonardo da Vinci og Aktiv Ungdom

Seksjonsleiar: Paul J. Manger



Analyse, utgreiing og dokumentasjon

Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD) er ei stabseining i Regionalavdelinga og skal vere eit knutepunkt for analyse, metode, statistikk og kartløyisingar i Hordaland fylkeskommune.

AUD leverer analysar på område som er viktige for Hordaland fylkeskommune - med særleg vekt på regional utvikling og vidareutvikling av sektorane sine arbeidsområde.

Hovudarbeidsområda er:

Publisering av statistikk og geografisk informasjon på nett via statistikk.ivest.no og kart.ivest.no

- Statistiske analysar med hovudvekt på demografi og næringsutvikling.
- Geografiske analysar
- Evalueringar
- Kartleggingar/spørjeundersøkingar

AUD tek oppdrag frå alle avdelingane i fylkesadministrasjonen. Eksterne aktørar må gå via direktør for den aktuelle fagavdelinga dersom dei ønskjer å få utført analysar.

Leiar: Kathrin Jakobsen

Administrasjon, økonomi, organisasjon

Stabseininga har ansvar for budsjett og rekneskap, bistand og kontroll knytt til utbetalingar av div. tilskotsordningar for næringsutvikling og regional utvikling, administrative støttefunksjonar, bestiller/rekvirent funksjon, ekspedisjon i 11. og 12. et., post og arkivoppgåver internt på avdelinga, hmt-arbeid, personaladministrasjon, praktisk bistand ved gjennomføring av konferansar, kurs og møter som avdelinga arrangerer, sekr. funksjon for leiarmøte og avdelingsmøte, sakshandsaming i administrative saker og oppfølging/gjennomføring av administrative prosjekt.

Stabsleiar: Jon Rune Smørdal